



# Markane Skytterlag

## Årsmelding 2005

### Styret

Styret i 2005 har vore samansett av Jarle Tvinnereim (formann), Andreas Solvik, Paul Hatledal, Kåre R. Haugen og Peder Hatlelid. Sidan sist årsmøte har styret hatt 7 møter og handsama tilsaman 39 saker. Medlemstalet har auka frå 65 til ca. 75 personar, derav 24 ungdomsskyttarar.

### Anlegg

Skytebaneanlegget vårt er no komplett utbygt med 10 elektroniske skiver på 200 m og 6 elektroniske skiver på 100 m. Dei største investeringane i år var kjøp av 3 nye monitorar og ein server, samt nye dukar til skivene og nye nummerskilt til begge banene. I tillegg er det utført vedlikehald av bygningar og utstyr.

Skytterlaget fekk også utbetalt 100.000 kr. frå DFS i banebidrag til utbygginga med elektroniske skiver.

Laget har også rydda fram til dei gamle 600- og 800 metershalda. Desse vart opna på jubileumsfesten.

Vi har også merka ei auke i førespurnader frå andre lag og organisasjonar, om å nytte det fine uteområde vårt til ulike aktivitetar og føremål, t.d. skuleavslutning, barnehagar, markering av åremålsdagar, grillkveldar, etc. Alle synest vi har eit flott anlegg til slike føremål.

### Arrangement/aktivitet

Miniatyrseongen starta i desember i Stryn Kulturhus. Lagsmeisterskapen vart avvikla 21. mars, her vann Jarle Tvinnereim med 241 poeng, føre Andreas Solvik og Gunnar Øen, begge med 238 poeng. 14 skyttarar deltok.

JegerCup vart avvikla på 6 kveldar med høve for å skyte jaktprøva for storviltjakt. Vinnar i Klasse A vart Arild Seljeseth, etter omskyting med Alf Muldsvor. I klasse B vann Ove Andre Myklebust, alle frå Hornindal.

Bilbingoen starta 22. mai, med totalt 15 arrangement fordelt på søndagane utover sommaren fram til 28. august.

Skytingens dag vart helde 6. juni, med 33 deltakarar. Lars Seljeset vart Årets jeger etter omskyting med Einar Bjørn Taraldset. Honndalssætra vart Årets jaktlag, medan Einar Bjørn Taraldset vart vinnar på vendefiguren.

Stryn og Hornindal Jeger og Fisk hadde open dag på skytebana for barn og unge, med fising som hovudaktivitet.

**Olsokstemnet** hadde også i år ei fin auke, frå 216 til 225 deltakarar. Det er framleis det største opne stemnet i regionen. Mykje god skyting vart vist, og best av alle var Bjarne Muri frå Fana med 391 poeng. Han vann også Olsokskytinga med 148 poeng. Lagskytinga vart vunne av Hyen med 428 poeng, føre Nordbygda og Markane.

Lagsmeisterskap på bane i byrjinga av september vart vunne av Jarle Tvinnereim med 338 poeng, føre Monika Hammer med 334 poeng og Kai Nyhammer med 333 poeng. Monika tok dermed den første medaljen til ei dame på lagsmeisterskapen. Til saman deltok 27 skyttarar, som er høgste deltakarantalet på fleire år..

Laget gjennomførte også lagsmeisterskap i skogsløp med skyting, med 16 deltakarar.

HV-10 hadde si siste øving i november 2004. Vi har framleis samarbeidsavtale med HV-11.

Laget har hatt faste treningskveldar 3 gongar for veka. Elles har det vore tre gongar med separate jaktprøvekveldar i tillegg til Skytingens dag og jegercupen. Det har også vore fem kveldar med barneidrettskule.

**Markane Skytterlag**, 6763 Hornindal  
E-post: [markane@skytterlag.no](mailto:markane@skytterlag.no)

**Banetelefon:** 5787 7999    **Org.nr:** 975 549 321  
**Heimeside:** <http://markane.skytterlag.no>

**Bank:** 3795 07 02401

**Formann:** Jarle Tvinnereim, Ospelida 6, 6763 Hornindal  
**Kasserar:** Andreas Solvik, 6763 Hornindal

Tlf: 5787 9000 / 909 79 336 (mob)  
Tlf: 5787 9287 / 917 73 123 (mob)

## 125 års jubileum



Mellom mange høgdepunkt var utnemninga av æresmedlemmane Peder Hatlelid og Odd Øen.

Skyttarlaget vart skipa den 27. desember 1880, men for å få nytta det fine skytebaneanlegget på Sindre feira vi jubileet den 25. juni.

Om lag 130 personar, både bygdefolk og inviterte gjester, deltok på feiringa. Sjølv om det var litt kaldt vór såg det ikkje ut til å legge noko dempar på stemninga.

På programmet stod mellom anna gjenopning av 600 – og 800-metersholda, historisk attersyn ved Svein Sindre, og korleis våpen og antrekk har utvikla seg frå 1880 og fram til i dag.



Det var også fleire av medlemmane som fekk utmerkingar frå Det Frivillige Skyttervesen.

Andreas Solvik, Peder Hatlelid og Jan Øen fekk diplomar for stor innsats gjennom mange år. Peder Hatlelid fekk også DFS sitt skjold for innsatsen. Her saman med utdelarane, samlagsformann Rasmus Guddal til venstre, og leiar Jarle Tvinnereim til høgre.

## Sportsleg

Skyttarane i laget har også i år delteke på mange stemner rundt om i landet. Jarle Tvinnereim vart nr. 42 samanlagt i Norgescupen, og fekk med det DFS sitt sølvbeger. Beste individuelle plassering var ein 12. plass i Åsane.

Jarle fekk også høgste enkeltresultat, med 345 poeng i NC-stemner på Tolga og Åsane. Han var også beste 5-klassing før finalen i Toyota Cupen. Elles har også Aslak Sætren og Monika Hammer hatt mange gode resultat, og vi merkar oss at Andreas Solvik er tilbake i 5 klasse frå neste sesong.

På landskyttarstemnet hadde Markane med 6 deltakarar, som alle oppførte seg pent og pynteleg.

På lagskytinga i Nordfjordcupen slo vi ut Hyen i semifinalen, men tapte mot Nordbygda i finalen. Sølvmedalje var likevel langt over forventingane før sesongen.

## Rekruttering

Ungdomsutvalet har i sommar hatt fast trening onsdagskveldane saman med skiskyttargruppa til idrettsslaget. Det har vore stort fram møte med oppimot 20 skyttarar på det meste. Dei unge rekrutteringsskyttarane har vist mykje god skyting. Mange av dei var også med på både Olsokstemnet og lagsmeisterskapet, og vi stilte lag i Nordfjordcupen for første gang på fleire år. I framtida vonar vi at ungdomsskyttarane også vert med på fleire banestemme.

Samarbeidet med Barneidrettskulen i Stryn og Markane er vidareført og vi hadde i alt fem kveldar med innandørs- og utandørsskyting for dei yngste. Det var godt oppmøte, og skyting er tydelegvis ein aktivitet som fengjer godt.

## Økonomisk

Økonomien i laget er god. Vi er gjeldfri og har ein solid eigenkapital vi kan nytte til investeringar seinare. Bingoen er framleis vår største inntektskjelde, og det vart også i år eit fint overskot, sjølv om det vart noko mindre enn dei siste åra. Utan bingoen kunne ikkje skyttarlaget ha gjennomført dei store investeringane siste åra.

**Takk til alle som har vore med å hjelpt til gjennom året, og lukke til med ein ny sesong!**

Markane 27.10.2005

Jarle Tvinnereim

-formann-